



Denne planen består av fire deler

- 1. AVDEKKING AV MOBBING
- 2. PROBLEMLØYSING AV MOBBESAKER
- 3. FØREBYGGING
- 4. KONTINUITET

## 1. AVDEKKING AV MOBBING

**MÅL:** Mobbing som skjer i og ved skulen og på skulevegen blir avdekket.

Med mobbing forstås me psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Plaging av andre gjennom bruk av telefon og kommunikasjonsprogram på PC vert og rekna som mobbing. Vilkåret for at noko kan kallast mobbing er eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og at episodane gjentek seg over tid.

**Tiltak:**

### a. Undersøking

- i. Me har årleg to spørjeundersøking om mobbesituasjonen frå 3. til 10. klasse om hausten og våren.
- ii. Undersøkinga skal vera utan namn, men klassetrinn og kjønn skal markerast.  
Ansvar: Administrasjonen
- iii. Elevane på mellomtrinnet og u-trinnet skriv logg om trivsel til kontaktlærer minst 4 gonger i året, gjerne i samband med zero-undersøkinga.. På småskuletrinnet tek ein denne undersøkinga munnleg.  
Ansvar: Kontaktlærer
- iv. Resultatet av den årlege undersøkinga vert meldt tilbake til trinna og lagt fram for skulemiljøutvalet. Ansvar: Administrasjonen

### b. Vakt og tilsyn

- i. Det bør alltid vera to vakter på kvart trinn i friminutta. Ansvar: Administrasjonen
- ii. Ved vaktskifte må vaktene gi melding til neste vakt dersom det ser ut til å utvikla seg ein konfliktsituasjon ein stad. Ansvar: Vaktene
- iii. Vaktene skal bruka Zero-vestar. Ansvar: Vaktene
- iv. Vaktene byrjar vakta med ein gong pausen startar, og ei av vaktene

- må vera ute til alle elevane er komne inn. Ansvar: Vaktene
- v. Ved behov må me ha vakt i begge gymgarderobane. Ansvar: Administrasjonen
- vi. Me bruker elevvakter når me har det. Desse brukar eigne vestar. Ansvar: Sosiallærar, elevrådskontakt

### **c. Kommunikasjon**

- i. Mobbing og trivsel skal takast opp som eige tema i dei faste elevsamtalane. Ansvar: Kontaktlærar
- ii. Mobbing og trivsel skal takast opp som eige tema i kontaktmøtet. Ansvar: Kontaktlærar
- iii. Mobbing og trivsel skal takast opp som eige tema på klasseforeldremøte. Ansvar: Kontaktlærar
- iv. *Mobbing og trivsel som tema skal takast opp i klassen med jamne mellomrom.* Ansvar: kontaktlærarar

### **d. Ved mistanke om mobbing**

- i. Laga tek jamnleg opp situasjonen i klassane. Ansvar: Lagleiar
- ii. Alle som ser noko mistenkeleg gir melding til vedkommande kontaktlærar. Ansvar: Alle vaksne på skulen, elevar og foreldre
- iii. *Den som oppdagar mobbing/får mistanke om mobbing syter for at rektor får melding om dette.* Ansvar: Alle vaksne på skulen
- iv. Ved mistanke om mobbing eller ved beskjed om mistanke tek kontaktlærar samtale med eleven etter Zero-metoden så snart som råd. Ansvar: Kontaktlærar

## **2. PROBLEMLØYSING AV MOBBESAKER**

**MÅL: Skulen tek ansvar og initiativ til å stoppa mobbing. Dette vert gjort på måtar som i neste omgang førebyggjer mobbing ved skulen.**

*Mobbing er inga konflikt, men eit overgrep. Derfor skal ikkje slike saker løysast gjennom mekling eller liknande. Det er avgjerande viktig at den som gjennomfører opplegget har respekt hjå partane. I Zero vert det lagt til grunn at kontaktlærar eller leiar av SFO gjennomfører problemløysinga. Situasjonar kan likevel oppstå då ein annan heller bør gjera dette.*

### **Tiltak:**

#### **a. Prosedyre når mobbing er meldt eller avdekket (les alle punkta)**

Alle som jobbar på skulen skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som jobbar på skulen skal varsle rektor (stedfortreder dersom rektor ikkje er på skulen) dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (same dag).

1. All mistanke om og alle meldingar om mobbing skal takast alvorleg og undersøkast grundigare. Ansvar: Alle som jobbar på skulen.
2. Fyrste samtale med den som har vorte mobba etter SAF (Senter for adferdsforskning) sitt program mot mobbing. Ansvar: Kontaktlærarar/SFO-leiar/sosiallærar

- Den vaksne avtaler på ein diskre måte eit møte med den som har vorte mobba, kort tid før.
- Samtalane skal innehalda:
  - klargjering av situasjonen
  - støtte
  - lovnad om informasjon om kva som skjer vidare
  - avtale om oppfølging
- Det må takast notat frå møta. Notata skal leggjast i mappa til eleven (etter 1. november).

3. Kontakt med den som har vorte mobba sine føresette. Ansvar: Kontaktlærarar/SFO-leiar/sosiallærar evt. inspektør.

- a. Dei føresette skal i regelen kontaktast same dagen som ein har hatt samtale med den som har vorte mobba.
- b. Det skal lyttast nøye og respektfullt til dei føresette. Det skal gjevast garanti for at skulen grip fatt i saka, og følger prosedyrane i Zero-handlingsplanen.
- c. Dersom ein er usikker på korleis ein skal gå fram vidare, avtaler ein heller eit nytt møte etter nokre dagar der skulen kan leggja fram ein plan.

4. Det kan vera nødvendig med fleire møte med den som har vorte mobba før ein tek samtale med plagar(ane).

5. Fyrste samtale med plagar(ar) etter SAF sitt program mot mobbing.

Ansvar: Kontaktlærar(ar)/SFO-leiar

- a. I samtalen skal den vaksne fokusera på å:
  - i. konfrontera plagaren med alvoret i situasjonen
  - ii. ikkje gå i diskusjon
- iii. få eleven med på å ta avstand frå mobbinga
- iv. få eleven til å forplikta seg på positiv åtferd overfor den som har vorte mobba.

6. Samtalane held fram med alle plagarane etter same metode.

Ansvar: Kontaktlærarane/SFO-leiar.

7. Gruppesamtale umiddelbart med plagarane etter SAF sitt program mot mobbing. Ansvar: Kontaktlærar(ane)/SFO-leiar.

- a. Den vaksne samlar alle plagarane.
- b. Den vaksne refererer kva som har komme fram i samtalane.
- c. Det er viktig at alle i gruppa kan bli samde om korleis dei kan gjera sitt til å få slutt på mobbinga.
- d. Klargjer at *føresette* blir kontakta same dag.

8. Kontakten med plagarane sine *føresette*. Ansvar: Kontaktlærarar/SFO-leiar.

- a. Møte eller telefonkontakt same dag som samtale med plagarane.
- b. Dersom elevane i pkt. 5 ikkje tek ansvar for handlinga, bør det kallast inn til møte med *føresette* så snart det praktisk er råd. *Det skal vurderast om plagar skal vera med.*

9. Oppfølgingssamtale med den som har blitt mobba *seinast ei veke etter første møte*. Ansvar: Kontaktlærar/SFO-leiar

- a. Samtalane kan brukast for å få meir informasjon til å kunna arbeida vidare med saka.
- b. Samtalane kan brukast til å hjelpa den som har blitt mobba til eit fornuftig reaksjonsmønster dersom vedkommande kjem opp i ein nye situasjonar som kan utvikla mobbing.

10. Oppfølgingssamtalar med plagarane *skal gjennomførast innan ei veke etter første møte*. Ansvar: Kontaktlærarane/SFO-leiar.

11. Dersom oppfølgingsamtalane viser at *mobbing* framleis skjer, må det kallast inn til møte mellom *føresette* til dei impliserte. Ansvar: Kontaktlærarar/leiar SFO.

**Med bakgrunn i punkt 1 – 11 skal skulen lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I denne planen skal det stå:**

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast

**Det er viktig at kontaktlærar, sosiallærar, SFO-leiar og leiinga har fokus på desse punkta i det skriftlege arbeidet. Den som har saka (kontaktlærar, sosiallærar, SFO-leiar) skal innan fire dagar etter starta sak levere skriftleg til rektor (stedfortreder dersom rektor ikkje er på skulen) kva plan ein har laga knytt til desse fem punkta (i Websak Fokus).**

### 3. FØREBYGGING

**Mål:** Alle elevane skal oppleve eit godt arbeidsmiljø.

#### 3.1 Relasjon vaksen – elev

Den vaksne skal vera tydeleg og skapa tillit.

Det tyder:

- sjå elevane, lytta til dei og handla
- den vaksne skal setja klare grenser

Tiltak skulen set i verk for å oppnå dette:

- elevsamtalar minst to gonger i året Ansvar: kontaktlærar
- personleg loggbok mellom elev og kontaktlærar Ansvar: kontaktlærar
- personalet har jamnleg samtalar om grensesetjing Ansvar: trinn/adm
- det vert jamnleg gitt informasjon til dei tilsette om kva reglar som gjeld ute og inne på skulen Ansvar: trinn/adm

- skulen arrangerer trivselstiltak, spesielt i friminutta Ansvar: trinna
- alle vaksne har plikt til å følge opp elevane

### 3.2 Relasjon vaksen – klasse/gruppe

Den vaksne er leiar på ein slik måte at alle kjenner seg trygge i klassen/gruppa.

Det tyder:

- sjå elevane, lytta til dei og handla
- den vaksne set klare grenser

Tiltak skulen set i verk for at den vaksne si relasjonsbygging til klassen/gruppa har høg kvalitet:

- klassane lagar eigne klasseregjar og reglar for skulevegen bygd på Zero-plattformen
- klassane/gruppene går gjennom skulen sine ordens- og trivselsreglar og Zeroplanen minst ein gong i året.
- skulen arrangerer trivselstiltak
- *klassesamtale/-møte*
- *ved behov lagar ein gute- og jentegrupper*

### 3.3 Relasjon elev – elev

Elevane i klassen/gruppa tek vare på kvarandre og er opptekne av at alle har det trygt.

Det tyder:

- snakka positivt til og om kvarandre
- bruka positivt kroppsspråk til kvarandre
- inkludera andre
- Den gylne regel

Tiltak skulen set i verk for å stimulera til positive relasjonar mellom elevane:

- fadderordning
- hemmeleg ven
- elevvakter i friminutta
- (elevmekling) Dette er berre aktuelt når me har utdanna elevmeklarar
- Trivselstiltak
- *Sosiale mål*

### 3.4 Relasjon vaksen – føresette

Relasjonen mellom den vaksne på skulen og den einskilde eleven sine føresette er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Det tyder:

- lytta til kvarandre og ta kvarandre på alvor

Tiltak skulen set i verk for å bidra til at den vaksne sitt arbeid med å byggja gode relasjonar til føresette:

- *informasjonsmøte for nye føresette før skulestart i 1. og 8. klasse*
- kontaktmøte minst ein gong i semesteret
- klasseforeldremøte *minst ein gong i semesteret*

- kontakt etter behov
- informasjon som t. d. vekeplanar og heimeside

### 3.5 Samarbeid heim – skule

Skulen har eit ope og aktivt samarbeid med dei føresette som gruppe.

Det tyder:

- lytta, sjå, ta på alvor og handla
- føresette opplever skulen som open

Me ønskjer at skulen sitt samarbeid med heimane har høg kvalitet og bidreg til utvikling av eit godt læringsmiljø for elevane *gjennom arbeid med:*

- *Informasjonsmøte for nye føresette før skulestart i 1. og 8. klasse*
- klasseforeldremøte
- FAU-møte
- samarbeidsutvalsmøte
- skulemiljøutval
- fellesarrangement
- å bruka foreldra som ressursar

### 3.7 Skulestart

Skulestarten skal vera forutsigbar, trygg og gi alle elevane ei positiv oppleving.

Det tyder:

- nye 1.klassingar og 8. klassingar skal kjenna nokre av dei vaksne på skulen før dei byrjar

Tiltak skulen set i verk for å sikra ein god skulestart for einskildeleven:

1.klasse:

- samarbeid med barnehagen før eleven byrjar etter oppsett plan
- fadderordning

8.klasse:

- *besøk på dei forskjellige skulane av elevar og vaksne i ungdomsskulen*
- *leirskule i 7. klasse*
- *informasjonsmøte og omvising på skulen for elevar og føresett før sommaren*
- 

Oppstart av skuleåret for elevane:

- skulen startar med fellessamling
- 

Nytilflytta elevar:

- samtale med elevar og føresette, før dei kjem om moegeleg
- den nye eleven får eit par fadrar i sin eigen klasse den fyrste perioden
- eleven får skulestartheftet
- *eige opplegg for å få kontakt med framandspråklege*

## **4.KONTINUITET**

**MÅL: Skulen sitt arbeid med å førebygga, avdekka og stoppa mobbing føregår kontinuerleg.**

### **4.1 Ansvarskjede**

Problema skal løysast på lågast mogeleg nivå, men dersom ei sak ikkje let seg løysa på eit lågare nivå, må saka bringas eit nivå opp.

*Alle avvik skal meldast rektor så fort som mogeleg.*

### **4.2 Faste tiltak i årshjulet**

### **4.3 Ansvarleg for gjennomgang og revisjon av planen**

*Zeroplanen ligg på skulen si heimeside. Før sette som ønskjer planen på papir, får den ved å venda seg til skulen.*

Zeroplanen vert teken opp på klasseforeldremøtet om hausten med tanke på revisjon, grundig i 1., 5. og 8. klasse.

Ansvar: Kontaktlærer og klassekontakt.

Klassekontaktane melder revisjonsforslag til FAU i løpet av vinterhalvåret.

Ansvar: Klassekontaktane.

*Planen vert revidert i elevråd, personalet og FAU før den vert handsama i skulemiljøutvalet. Ansvar: rektor*

Zeroplanen er revidert i samarbeidsutvalet og skulemiljøutval våren 2017.